

Svikt i fisket også her

24.07.2009



Det starta bra den 18. juni, her står Reidar Bauge og Halvard Døssland med ein flott fisk ved bruhaugen. Men så har det svikta og det tydelegvis ikkje berre på grunn av låg vassføring. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Er Uskedalselva ramma av den same svikten i lakse-innsiget som andre elvar denne sommaren?

Det starta bra like etter 15. juni då sesongen vart opna.

Den 18. Juni vart det til dømes teke laksar på sju og seks kilo. Men sidan har ikkje uskedalen.no fått ei einaste melding om fangst.

Sjølv ikkje etter den siste nedbøren denne veka, som auka vassføringa i elva kraftig, har vi registrert noko. Ingen

av dei fiskarane vi har hatt kontakt med dei siste dagane kan melda om fangstar.

"Tomt for laks" er da også det illevarslande oppslaget i Dagens Næringsliv fredag. Der blir det opplyst at det går mot ein av dei dårligaste laksesongane nokon gong og at situasjonen nærmast er katastrofal på Vestlandet. Fleire stader blir strengare restriksjoner vurdert for å verne laksebestanden. Styreleiar Aage Wold i Norske lakseelver opplyser at det er så lite laks i landsdelen vår at mange elvar vurderast stengde i slutten av juli i staden for i august.

Men problemet er det same over heile landet og Wold meiner at lakselusa har mykje av skylda. Ho har blomstra opp kolossalt i fjordane som har oppdrettsanlegg og det er ikke kontroll på lusesituasjonen.

Wold trekk fram nettopp Hardangerfjorden som døme - her har dei stengd mange elvar medan oppdrettsanlegga held fram som før. I tillegg har parasittar herja fleire stader. Klima og lite mat i havet blir trukke fram som andre forklaringar.

Utbyttet av laksefisket dei siste åra syner store variasjonar på landsbasis. I fjor vart det til dømes fiska 424 tonn som var 25 prosent meir enn året før. Men 2007 var også eit katastrofeår.

Av Ola Matti Mathisen